

## **UTTALE FRÅ SELJE KOMMUNE OM NASJONAL TRANSPORTPLAN – HØRING**

### **Høringsuttalen til Selje kommune går på fire punkt:**

1. Stad skipstunnel
2. Ny retning på kriteriar for realisering av prosjekt
3. Ny stamveg Oslo – Bergen
4. Opprustning av Strynefjellstunnelane
5. Gul midtstripe på E-39
6. Kystvegen som Riksveg

### **1. Stad skipstunnel må realiseres i første fireårsperiode av Nasjonal transportplan (2018-2021)**

Stad skipstunnel ligger inne som nye investeringsprosjekt i høg ramme. Selje kommune meiner at dette prosjektet må flyttast fram på prioriteringslista i lav ramme med byggestart i starten av første fireårsperiode av Nasjonal transportplan (2018-2021). Realisering av Stad skipstunnel er viktig for tryggleiken for skipsfarten langs kysten. Dette havstykket har høgare ulykkes risiko enn andre strekningar langs norskekysten, og ulukker vil bli redusert ved realisering. Stad skipstunnel er viktig for næringstransport, kollektivtransport/hurtigbåtar og fritidstrafikken langs kysten. Skipstunnelen vil knyte saman Vestlandet på ein heilt ny måte, og bli ein turistattraksjon som kan gi positive ringvirkningar knytta til reiseliv og turisme.

### **Næringsinteresser**

For næringslivet vil Stad skipstunnel bety sikre leveransar, mindre ventetid, kortare transporttid og at kvaliteten på råvarer som skal fraktes forbi Stad held seg god. Det er i dag svært mykje næringsrelatert trafikk rundt Stad, blant anna innan fiskeri og havbruk, verftsbransjen/maritim industri, bergverk, turisme m.m. For alle disse vil moglegheit for stabil transport gjennom ein skipstunnel ha stor verdi.

### **Miljø**

I dag går mykje av transporten rundt Stad med trailer, på grunn av ulempene med å runde det usikre Stad havet i all slags vær. Stad skipstunnel vil bidra til å flytte transport og tungtrafikk vekk frå eit tungt belasta vegnett. Dette vil spare både driftsutgifter og miljø, og slitasje på vegnettet, samt redusere trafikkulykker på vegane våre.

### **Regionbygging**

Stad ligger i en region med store moglegheiter innan næringslivet. Den store utfordringa er dårlege kommunikasjonar på land. Dette gir dårlege pendlingsmoglegheiter og små, usamanhengande bu- og arbeidsmarknader. Stad skipstunnel vil knytte saman Vestlandet på ein heilt ny måte. Med hurtigbåt gjennom Stad skipstunnel vil det være fullt mogeleg å dagpendle mellom kommunane nord og sør for Stad. Enklare transport til flyplass vil også bety mykje for næringsliv og innbyggjarane.

## **Turisme**

Stat skipstunnel vil være verdens første skipstunnel. Dette vil bety enormt mykje for regionen, Vestlandet og Norge som reisemål.

### **2. Ny retning på kriteriar for realisering av prosjekt**

Sitat frå forordet til NTP: «Samfunnsøkonomisk lønnsomhet, samt samfunnssikkerhet og sammenhengende standard/utbygging har vært avgjørende for investeringsporteføljene.»

Selje kommune er kritisk til at ein har vektlagt så sterkt samfunnsøkonomisk lønsemd når det samtidig er usemje på kva kriteria som skal vektleggast for å måle denne lønsemda. Eit godt eksempel er Stat skipstunnel der ein ved standard vurdering kjem ut med lønsemd i minus mens ved å ta med relevante fakta vil kome i pluss. Vi ser og at ved å velje desse kriteriane vert mange prosjekt i distrikta ikkje prioritert. Dette er ikkje akseptabelt. Selje kommune meiner at det må leggast større vekt på breiare samfunnsøkonomiske vurderingar. Ikkje prissette konsekvensar kjem dårleg fram. Effektar som t.d. regionutvikling, andre næringar sin gevinst ved realisering av prosjektet er ikkje ein del av analysane. Ein kan ha stor meirverdi ved å legge til rette for større bu- og arbeidsmarknadsregionar, gjennom utbygging av effektiv og framtidsretta infrastruktur. I tillegg er metodeverktøy og datagrunnlag forbunde med stor usikkerheit, noko som det må takast omsyn til ved prioritering.

### **3. Ny stamveg Oslo – Bergen**

Selje kommune stiller seg bak og støttar opp om fylkestinget sitt vedtak om Rv 52 Hemsedal, med tilkopling av Rv 5 og ferjefritt samband Mannheller – Fodnes, som aust-vest trasé. Selje kommune meiner Rv 52 over Hemsedal er det vegvalet som vil tene fylket og region best, noko også transportnæringa, samt NHO i Sogn og fjordane og Møre og Romsdal er tydelege på.

### **4. Opprustning av Strynefjellstunnelane.**

Selje kommune meiner at ein må starte opp opprustninga av tunnelane på Strynefjellet. Dette er ein veg som er mykje brukt og har i dag ein standard og særskilt i tunnelane som er under det ein kan forvente av ein RV-standard.

### **5. Gul midtstripe – E39**

Selje kommune ser med bekymring på den dårlege standarden som er på E-39 i Sogn og Fjordane. Det er eit krav at i denne planperioden må få gul midtstripe på denne vegen i Sogn og Fjordane. Særleg må ein ha fokus på

- E39 Myrmel – Lunde (godkjent reguleringsplan)
- E39 Bogstunnelen – Gaular grense (godkjent kommunedelplan)
- E39 Langeland – Moskog (godkjent kommunedelplan)
- E39 Byrkjelo – Grodås (Planarbeid pågåar)

- E39 Kjøs bru – Grodås

#### **6. Kystvegen som riksveg**

Selje kommune ønsker at kystvegen Ålesund – Bergen vert vurdert som samanhengande riksveg med eitt felles vegnummer. Oppstart av prosjekta på kystvegen må kome i NTP perioden 2018 - 2029.